

## SU-MØTE

		<b>Møte nr.</b>	1	<b>2023</b>	
	<b>4. September</b>	<b>TID</b>	19.00 - 20.30		
<b>MØTESTAD</b>	TUV				
<b>DELTAKARAR</b>	<b>Til stades:</b> <b>FAU:</b> : Karin Teigen Bakke, Emmie Katarina Eklöf <b>Barnehage:</b> Birgitte Fjeldstad (Assistent) Hege Janett Myro, (Ped.leiar), Monika Randar (styrar) <b>Eigar:</b> Mathilda Sjøgren				
<b>NESTE MØTE</b>	Okober/November	<b>REFERENT</b>	Monika		

<b>SAK</b>	<b>Sakliste</b>	<b>Ansvar</b>
1.	<p><b>Oppstarten på barnehageåret</b></p> <p>Barnehagen starta med å seie litt om korleis oppstarten har gått så langt. Åne som har born i alderen 1-2 år har foreløpig 8 born, der 5 er heilt nye i barnehage. Her legg me vekt på tryggleik og det å verte kjende med kvarandre i barnegruppa og trygge på dei vaksne, fyrst på eiga avdeling, så på dei andre avdelingane.</p> <p>Kroken har 14 born i alderen 2-3 år, der det snart kjem eit barn til. Sjølv om alle her har gått i barnehagen tidlegare er det mange nye vaksne og born frå to avdelingar er no samla på same avdeling. 2-3 års alderen er ein spanande, men også krevjande alder. Me har valt å ha 4 vaksne på begge desse avdelingane, slik at oppstarten kan verte trygg og god og borna får ein god start. Når gruppene er satt og borna er trygge, er det også lettare å dele meir på ressursane. Alle avdelingane er gode å på fordele ressursane der det er mest behov og me er alle her for heile barnehagen ☺</p> <p>På Røggelia er det ei liten gruppe 4 åringar, med 8 born og 3 vaksne. Høllekølten har 11 born på 5 år, med 3 vaksne.</p> <p>Me ser at med litt ekstra ressursar i oppstarten har me moglegheit til å gje tryggleik og få på plass gode rutiner. Me har også kapasitet til å ta inn nokre nye søkjarar i løpet av året.</p> <p>Det er utfordrande med rekruttering i barnehagen som dei fleste andre yrke. Me har få vikarar, men prøver å fordele ressursane så godt me kan, samstundes som me har fokus på å rekruttere.</p> <p>Ei anna utfordring er at barnehagen si grunnbemanning med 3 vaksne på 18 plassar ikkje gjeld heile opningstida. Ofte er ein vaksen aleine frå 07.30-08.30 og frå 16.00-16.30. Her kan me risikere at heile barnegruppa er til stades. Me ser eit stort behov for å ha full bemanning heile opningstida. Dette vil koste pengar, men også vere med på å redusere utgifter seinare i livet. Vår jobb i barnehagen er å gje borna trygge, gode opplevingar og ruste dei til det livet har å by</p>	M.R

	<p>på vidare. Då treng me full bemanning, og me treng vaksne som ynskjer å vere her. Dette vil også gjere det meir attraktivt å rekruttere til barnehageyrket.</p>	
2.	<p><b>SU sitt årshjul:</b></p> <p>Barnehagen sitt årshjul for SU var sendt ut i saman med innkalling og årsplan. Me gjekk raskt gjennom den og godkjende den.</p>	M.R
3.	<p><b>Årsplan 2023-2024:</b></p> <p>Barnehagen har ein to-delt årsplan. Den langsiktige årsplanen skal reviderast i løpet av året. Denne vart sist revidert i 2019. Den kortsiktige årsplanen er meir ferskvare og skal godkjennast kvart år. Også denne var sendt ut i saman med innkallinga. Me gjekk kort gjennom den og fekk tilbakemelding på at den er oversiktleg og lett å lese. Årsplanen vart godkjent. Den vert sendt ut til alle føresette i appen, i tillegg til at den vert lagt på heimesida. Barnehagen si heimeside under Hemsedal Kommune er under revidering desse dagar. Her skal det jamleg leggast ut endringar. Her finn de også barnehagen sine vedtekter, årsplanar, barnehagerute m.m.</p>	M.R
4.	<p><b>Eventuelt:</b></p> <p>Barnehagen ynskjer å ha eit par temamøte saman med familiens hus. Planen er to møter i oktober. Monika sender ut undersøking blant føresette om tidspunkt. Me ynskjer fokus på positiv grensesetting og at dette tema vert felles møte for både føresette og personalet. Me var samde i SU om at dette er viktig tema, og fint at det er felles for både føresette og personalet. Mange syns det er vanskeleg med grenser og grensene er gjerne ulike. Det er difor viktig at personalet og føresette jobbar saman om dette. Desse kveldane vil erstatte det vanlege foreldremøtet på hausten, men me ser for oss å utvide det fyrste møtet, slik at alle avdelingane får ein liten del av møtet med sine føresette.</p> <p>FAU-representantane hadde med eit par saker frå FAU:</p> <p>Det vart stilt spørsmål om det er mogleg å lage tak over deler av uteplassen, slik at borna kan være ute i alt slags vær. Barnehagen tek med desse innspela, men legg vekt på at været ikkje skal være ei årsak til å ikkje gå ut (med unntak av kulde). Me ynskjer å vere ute så mykje som mogleg og i alt slags vær. Været skal ikkje stoppe oss i å være ute, men kan føre til at ein evt. går litt tidlegare inn att.</p> <p>Den andre saken var dugnad. Både barnehagen og føresette ynskjer dugnad. Noko kan gjerast i haust og noko til våren. Monika kallar</p>	M.R

FAU inn til eit møte i september slik at me kan plannleggje og setje dato for dugnad helst før haustferien.

Mathilda stilte spørsmål om kva barnehagen sjølve og føresette tenkjer om sentralbarnehage eller å behalde Ulsåk og Tuv. Både FAU og barnehagen ynskjer å oppruste Ulsåk og Tuv, slik at dei barnehagane bestå.